

FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 2 - JUNI 2023
ÅRGANG 46





**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 53 45 85 00

kyrkja@fitjar.kommune.no

<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontortider:

Opningstider i sommar

tysdag og torsdag: kl 10.00 - 14.00

Kyrkjeverje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069

jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825

olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562

rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335

eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Leiar diakoninemnd:

Annbjørg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978

bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805

VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedeilete:

Konfirmantprosesjon - Foto: Olav J. Oma

Redaksjonelt



*Pinse -
Opna augo mine*

50 dagar etter oppstodedagen, 50 dagar, då skjedde det noko. Noko som gjorde at læresveinar vågde seg ut. Ut av huset der dei var samla. Utafor var det samla ei mengd menneske, frå ulike land, med ulike språk, og dei hørde læresveinane tala om Jesus på deira eigne språk.

Olav J. Oma

Pinse: Det skjedde noko. 3000 menneske vart så bevega at dei let seg døypa, og då begynte kyrkja å spira. Jes 43,19

«Sjå, eg gjer noko nytt.

No spirer det fram.

Merkar de det ikkje?»

Av og til ønskjer me at det skjer noko meir, noko sterkare, noko som rører oss djupare. Men faktum er at Guds kyrkje framleis spirer og veks mellom oss. Den har aldri stansa å veksa. Frå den livskraftige starten 50 dagar etter påskedagen, gjennom medgang og forfølging, like til i dag.

Denne pinsa var vi igjen gode flokkar samla, på bedehus, og i kyrkje, ja, til og med andre pinsedag! Ute i og rundt gapahuken oppom Olstjødno var vi samla, ein stor flokk, i regn og skodde. Det skjer framleis noko mellom oss. Guds ord vert delt, me bed «Fadervåret», syng om Guds storverk, gler og varmar oss i fellesskapet, sjølv når det er vått og kaldt.

Gud gjer framleis noko nytt. «No spirer det fram.

Merkar de det ikkje?»



Randi signerer ny arbeidsavtale

I mai gjorde soknerådet vedtak om å utvida stillinga som kyrkjelydspedagog frå 80 til 90 %.

Her skriv Randi Lønning Matre under på at ho tek imot. Utvidinga gjeld frå 1. august. Ser ut som Randi gler seg, me gler oss med og over henne.



Prestetenesta í sommar

Når soknepresten har fri, er det ulike vikarar inne. I sommar er det Elisabeth V. Fauskanger som er her mest. Ho er prestestudent ved MF-vitenskapelige høgskule, og har tidlegare hatt enkelte gudstenester på Fitjar. Mange kjenner henne og frå alle åra ho arbeide i søndagsskulen.



Ny prosjektstilling som diakon/diakoniarbeidar

Soknerådet har vedteke å oppretta ei 20 % prosjektstilling som diakon/diakonimedarbeidar. I første omgang for ein periode på to år.

Stillinga vert finansiert med bruk av kyrkjelydsprest-fondet som buffer. I tillegg er det von å motivera kyrkjelyden til ei gjevarteneste, slik at diakoni kan bli eit satsingsområde i eit lengre tidsperspektiv.

Stillinga vert etter planen lyst ut på seinsommaren.

Om kyrkjekontoret i sommar

I skuleferien har kontoret reduserte opningstider. Det er likevel opent kvar tysdag og torsdag 10.00 - 14.00.

Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag. Kontonr. 3546.29.05805

Frist for innlevering til neste blad er 11. august til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 30. august. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri
Haugalandet

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Roald Drønen
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland
- Karvel Strømme



Musikalsk balsam i Fitjar kyrkje

Våren sin siste temakveld, torsdag 27. april, vart for mange av oss eit nytt høgdepunkt i livet. Kvelden sine gjester var sopranen Laurie Robertson Øgaard og ekte mannen Sigurd Melvær Øgaard, domorganist i Bergen. For eit par i musikk!

Herman Inge Aadland

Organisten hadde me høyrte ved eit par høve før. Han var bl.a. her og trollbatt oss med musikken og teknikken sin då det nye orgelet vart vigsla i 2017. Han er ei eminent musikalsk sjel med ein frapperande teknikk, puls og driv i spelet sitt. Det er freistande å sei at heile mannen er musikk, tvers gjennom. Og så er han likevel mykje meir enn det. Det viste han mellom anna ved å presentera dei ulike avdelingane i konserten med enkle, klåre og opplysende ord. Me høyrde ein venleg mann som ville kommunisera og gje oss utbyte av kvelden. Det var eit scoop å gje han mikrofon på orgelgalleriet. Eit eksempel til etterfylging.

Eg skal ikkje her brodera ut alle framføringane. Men me fekk oppleva fleire av dei store orgelmeistrane, som Bach, Mendelsohn, Widor og vår eigen Egil Hovland. Ja, for også Hovland fekk verkeleg glitra gjennom orgelet vårt i den fantasifulle og spenstige partitaen over «Herre Gud, ditt dyre namn og ære». Eg sat saman med ordføraren vår, og me måtte rett så det var både smila og le til kvarandre av berre musikalsk glede og begeistring. Me veit at orgelet vårt er godt, og at det er i stand til å lokka fram det beste i dyktige utøvarar. Det får me jo prov for kvar søndag. Men Øgaard gav oss nokre registreringar og klangar som me aldri hadde høyrte før. Og då han akkompagnerte kona i den amerikanske spiritualen «There is a balm in Gilead», vart eg heilt bergteken. Maken til kledeleg vellyd! Det var balsam for sjela. Laurie er ein dyktig sopran, og då ho gav oss Händel sin «I know that my redeemer liveth» (frå Messias), var det absolutt gåsehudfaktor til stades i kyrkja. Heile kvelden var eit musikalsk sjelebad. Og kunstnarane måtte gje ekstranummer framme frå koret. Å få sjå dei slik forringa ikkje nett kvelden! Det bør ikkje bli lenge til neste gong dei vitjar oss.

Benedicte Meyer ynskte velkommen med eit smil før konserten. Ho takka også etter konserten - med eit endå meir lysande og takksamt smil.



Kjeldesortering på kyrkjegarden

På gravplassen ved Fitjar kyrkje er det no lagt opp til sortering av bioavfall. Alt nedbrytbar organisk avfall kan leggjast i dunkane som er merka med BIO. Alt anna er framleis restavfall. På denne måten reduserer me utgifter til renovasjon og bidrar til ei meir miljøvenleg handtering av avfall.

Førebels er dette eit prøveprosjekt. Når me har gjort erfaringar, og veit litt meir om korleis mengder med biofall og restavfall fordeler seg, vil me sjå nærmare på utforming av avfallstasjonane. Vasspostar, avfallsstasjonar og benkar er ein del av møbleringa av ein gravplass, som ein gjerne tenkjer bør få ei estetisk fin utforming.

Fire me sjødn

Roald Drønen

Sommaren er den tida på året nokon av oss «slår ut håret» litt meir enn elles.

Den innbyr til å gjera noko ekstra.

Me har spurt nokre personar kva planar dei har denne sommaren?



Adrian Opedal Huseth:

Eg har ingen spesielle planar anna enn at eg skal jobba på eit trykkeri på Stord.

Der jobbar eg kvar fredag og søndag i tillegg til at eg går på skule. Så skal eg begynna som lærling innan elektro på Aker til hausten.



Laila Hovland:

Saman med ei god venninne skal eg til Skotland. Me skal på konsert i Glasgow med ei pop-/rockgruppe som heiter Muse.

Elles skal eg vera på hytto i Tranøy der me har reist med mamma og pappa frå 80-talet. Så blir det nok vedlikehald og oppussing der og i ei leilegheit eg har.



Per Bergesen:

Mine sommarplanar er ferie kombinert med arbeid på huset i Fitjar og på hytto me har i Hervik i Tysvær.

I tillegg skal eg ein tur til Oslo.



Gunn Evy Henriksen:

Eg skal til Oslo på Norway Cup med Gutar 14 i fotball.

Og så blir det nok mykje på hytto i Fitjarøyane og kanskje nokre turar i Fitjarfjellet. Nokre utanlandsplanar har me i alle fall ikkje enno.



Diakonituren til Telavåg

Første dagen i juni gjekk turen til Nordsjøfartsmuseet i Telavåg. Bussen var heilt full, 54 menneske.

Olav J. Oma

Halvard Wiik guida trygt på vegen og fortalde ting å le til, men òg til å bli klok av. For eksempel kunne han fortelja at firmaet som Isak Koløen hadde, var med og bygde Telavåg opp etter krigen! Dermed vart òg me på diakonitur frå Fitjar knytte litt tettare til historia me skulle få høyre.

Historia er sterk. Eit flott museum delte historia med oss. Me såg film, der augevitne fortalde om det dei hadde sett og høyrte. I filmen møtte me overlevande frå konsentrasjonsleiren, Sachsenhausen, og born som hadde sete internert på Framnes i fleire år under andre verdenskrigen. Det var sterkt å høyre og sterkt å sjå.

Meir enn 70 menn frå den vesle bygda vart sende til Tyskland, og meir enn 230 kvinner og born vart tvangsflytta, først til Storetveit, og seinare til Framnes. Telavåg vart jamna med jorda, sprengd og brend, og alle innbyggjarane straffa. Av dei som vart sende til Sachsenhausen miste meir enn 30 livet, og dei som kom heim bar minna med seg på ulikt vis.

Museet har utstillingar som fortel om Nordsjøfarten, om «Shetlands-Larsen» og kampen dei kjempa, men òg om Telavåg, om menneska, øydelegginga og gjenoppbygginga.

I utstillinga kunne me mellom anna sjå eit nytestament. Der hadde ein av fedrane skrive som ei siste helsing til eit av borna; «Kjemp for alt kva du har kjært, dø om så det gjelder».

Me såg også minnesmerket over dei som hadde kjempa og falle under krigen, utruleg mange frå ei så lita bygd.

På vegen heim stansa me i Fjell kyrkje. Her hadde me ei lita andaktsstund i det flotte kyrkjerommet, med vakkert glasmåleri til altertavle. I kyrkjelydssalen åt me kake og kaffi som diakoninemnda hadde bakt og teke med. Det var ein dag til ettertanke og glede.



TenTreff i Breiavíkjo

2. juni var det avslutning på TenTreff. Det var andakt og bøn, brus og grilling, kano, bading, leik. I det heile var det ein strålende kveld, der Vårherre hadde laga rammene. Blå himmel, sol, vatn, naturen i si finaste prakt og fylt av glade menneske.

Olav J. Oma

Meir enn 30 ungdommar var med, og ein gjeng solide vaksne. Dei 8 kanoane til friluftsrådet vart nytta, og eg trur alle ungdommane var på vatnet.

På land var det prat, volleyball, freesbeegolf, og mat.

Midt i, samla me oss på brygga, benka oss så mange det var plass til, og så preika Roald til oss. Han las frå bibelen, og snakka om det fantastiske skaparverket, om kor utruleg fint alt er laga, og «finast av alt er du!», sa han.

Etter bøna song me «Å, du som metter liten fugl, velsign vår mat o Gud. Amen.» Hamburgerar og pølser forsvann, og leiken og praten tok til att. Glade gjekk me heim. Me gler oss til sommaren, men om me ser langt fram, så gler me oss til å starta opp att med TenTreff igjen til hausten.



«É dåke galne??»

Dette er noko det unge paret, Ailin Vik og Mathias Bratli, fekk høyra frå venninner og kameratar då dei fortalde at dei hadde planar om å gifta seg. For dei er berre 23 år, i ferd med å fullføra fagskule, begge to, i tillegg til full jobb. Mathias sin arbeidsplass er på Aker Solutions på Stord, medan Ailin jobbar offshore; på plattform. I tillegg er dei komne svært godt i gang med familielivet. Dei har 3 små born i alderen 3, 1 og baby (2 mnd).

Roald Drønen

I dagens samfunn er det mange som vil meina at dei er heilt galne. Det er jo blitt vanleg i vårt moderne samfunnet at folk giftar seg etter at dei har passert 30 år, ferdig med utdanning og har «levd livet».

Men Ailin og Mathias har prioritert annleis. Ein skal ikkje lenger enn 30-40 år tilbake før det var vanleg og normalt for unge par å inngå ekteskap i den alderen.

Då Mathias var 18 år gamal, var han tilskodar på eit bil-løp i Vikedal. Der såg han ei ung, lyshåra, tøff jente, kledd i køyredress, med hjelm i handa, klar til å «trykkja klampen i bånn» og køyra frå gutane. Hans første tanke var krystallklar: «Den jento skal eg gifta meg med!»

Fem år etter - 20. mai i år – vart tanken verkeleg. Dei vart vigde i Fitjar kyrkje med familie, slekt og vener til stades. Dei har busett seg i Koløyo, i eige hus, med utsikt over sjøen og båten i hamna; rett nedanfor huset.

Eg har hatt ein prat (med tilhøyrande velsmakande kake) med det unge paret for å høyra kvifor dei går mot straumen og giftar seg i ung alder.

«Det var heilt naturleg for oss,» seier dei. «Mathias fridde på julaftan 2020», avslører Ailin.

Han hadde eigentleg planlagt å fri på julekvelden når heile familien var samla, men fann ut at det kanskje var best likevel å gjera det medan dei var åleina.

«Han stod der berre og stamma, og fekk ikkje fram eit ord,» ler Ailin.

Då var det berre å finna ein aktuell dato for bryllaup for det unge paret.

«Me har jo ikkje forhasta oss. Det er jo gått to og eit halvt år sidan frieriet,» seier Mathias.

At dei var unge har dei ikkje tenkt på.



«Me hadde jo to ungar og visste at me ville byggja livet i lag,» seier dei.

«Då me fekk Matteo, den første guten, gjekk det ikkje lang tid før me tenkte at han kan jo ikkje vera åleina. Me er vakse opp med tette søsken begge to. Det er kjekt.»

Og med to gutar ville det jo vore fint å få ei jenta også, tenkte dei. Og slik kom Elena til verda midt i bryllaupsplanlegging, men nøye planlagd. «Eg hadde jo god tid,» seier Ailin, alltid like optimistisk. «Ho vart jo født to månader før bryllaupet!»

Dei synest det er viktig følgja gode tradisjonar. «Alle store og viktige hendingar i livet skjer i kyrkjo. Me er begge døypte og konfirmerte i kyrkjo, og når me ein gong dør og skal gravleggjast, vil det også skje frå kyrkjo. Difor var det viktig for oss at giftarmålet skjedde nettopp i kyrkjo,» seier dei.

Sidan Ailin sin arbeidsplass er på rigg i Nordsjøen i 2 - 4 ordning, er det Mathias som må styra heima dei 14 dagane ho er borte. Ho skryt av mannen:

«Han er flinkast til å vaska og laga mat av oss . Og så reiser han heim til mora og faren på Osterøy så snart han kan, når eg er ute. Det er berre kjekt,» seier Ailin.

Eg lurar på kva det unge paret tenkjer om framtida?

Dei ser lyst på det som ligg framom.

«Det blir spennande. Me skal gjera mykje kjekt i lag. Når Matteo er konfirmant, er me unge foreldre på berre 34 år. Det er fint å tenkja på,» seier dei.

Medan Ailin er av den optimistiske typen og ser få eller ingen hindringar, er Matias meir roleg. Det ser han på som eit gode for ekteparet. «Då kan me møtast litt på midten,» legg han til.

Vil de anbefala unge par til å gifta seg?

«Me vil i alle fall ikkje råda folk i frå. Å vera gift gjev ei trygg ramme for familien. Når ein veit at ein skal leva livet saman, er det ingen grunn til å venta. Så det er berre å slå til!» seier dei i kor.

Eg takkar for ei koseleg samtale og seier som eg sa i kyrkja til brudeparet:

«Eg synest de er steintøffe. Eg heiar på dåke!

Lukke til og Guds velsigning over framtida dykkar saman med dei tre små.»





Framme frå venstre: Mia Grimen, Malin Navdal Vik, Maren Rydland, Emma S. Aarbø, Emilie Skutlaberg Vik, Amalie Skumsnes Skålevik, Guro Skår Bergesen, Melissa Tufteland Aga, Amalie Gjørseter

Rekke to frå venstre: Kari Aamyri, Isabell Polden Andersen, Noah Bergesen Skålevik, Dennis Håkonsen Michelsen, Thomas Opedal Huseh, Mikael Kongestøl Vik, Tord Brekke, Harald Rydland Sæbø, Selma Anuglen, Martine Kulsås

Bak frå venstre: Melissa Kristin Maraas, Linnea Prestbø, Ole Kristian Moldestad Oma, Benjamin Tveit Lillenes, Sebastian Lundal, Lars Andreas Sørffonn, Espen Isdahl Sætre og Adina Rydland

På stol framme: Olav J. Oma og Randi L. Matre.



Tusen takk for ei flott konfirmasjonstid saman med dykk. Me synest det har vore kjekt å bli litt kjent med dykk. Håpar de hadde ei fin konfirmanttid og ein flott konfirmasjonsdag! Me ynskjer dykk alt godt for framtida. De er alltid velkomne til kyrkja.

*For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren,
fredstankar og ikkje ulukke tankar.
Eg vil gje dykk framtid og von.*

Gode helsingar frå Olav og Randi

Foto: J.A. Skumsnes/kunstivest.no

Min sommarsalme

Når det gjeld song og musikk, er det ikkje berre i Grand Prix svenskane er gode. Dei har også mange utruleg fine viser og songar som også har gjort stor lukke i Noreg. Men når det gjeld gode og slitesterke salmar til bruk i glede og sorg, høgtid og kvardag, er Noreg fullt på høgd. Til dømes er både Svein Ellingsen og Eyvind Skeie sine salmar godt kjende og brukte både i Sverige og Danmark. Og det må dei gjerne bli, for dei er både poetiske, djupe, teologisk sterke og livsnære.

Herman Inge Aadland

Men så er det ein plass til eg tykkjer svenskane slår oss, og det til og med på salmefronten: Knapt nokon har så vakre og poetiske sommarsalmar som dei. Og så melodiane, då! Å høyra ein svensk skuleklasse syngja «Den blomstertid nå kommer» og «Så grønn en drakt» er ei sann glede.

Eg har valt meg den siste som min. Altså: «Så grønn en drakt». Teksten er skriven av Carl David af Wirsén i 1889. Han levde frå 1842 til 1912. Melodien er komponert av Waldemar Åhlén i 1933. Salmen er omsett til norsk av Øystein Thelle. Innholdsmessig gjev salmen assosiasjonar til «No livnar det i lundar», spesielt til dei to første og dei to siste versa av denne, der tematikken er mykje den same. «No livnar det i lundar» har jo også 8 vers med kyrkjesoge som me me alt for ofte hoppar over. Me gjer det kanskje fordi dei på ein måte er ein eigen kyrkjehistorisk salme i salmen? Versa er i seg sjølve både gode og viktige, ja, perler, men i vår tid tek me gjerne snarvegar.

Men eg har altså valt meg den svenske, «Så grønn en drakt». Det har eg gjort fordi han er så poetisk sterk, så personleg, nær og rører så sterkt ved hjarta. Det er jo mi eiga livsforteljning. Hør berre:



Foto:

Rolf-Atle Rolfsnes



*Så grønn en drakt, så rik en duft
har smykket dal og enger!
Nå strykes ømt av lys og luft
de fagre urtesenger.*

*Hør lundens sus og bekkens brus
forkynner hva som kommer:
Omsider blir det sommer!*

*Sin lykke, fred og sommerfryd
må yre fugler prise.*

*I mark og eng fra nord til syd
de jubler frem sin vise.
Hør håpets klang i deres sang,
i hymnen de lar kvede
fra blomstereng og rede.*

*Men du, o Gud, som gjør vår jord
så skjønn i slike stunder,
gi at jeg akter mest ditt ord
og nådens store under!
Som blomst og løv blir muld og støv,
skal vi og verden fare,
men Herrens miskunn vare.*

*Alt kjød er gress og flyktighet,
det tæres fort av elde.
Kun du, Treenig majestet,
er evig i din velde!
Med sjel og kropp skal jeg stå opp
og blomstre i ditt rike,
når denne jord må vike.*

*La falme verdens prakt og glans,
la all dens lyst forsvinne.
Min venn er min, og jeg er hans,
vår kjærlighet skal vinne!
Så syng det ut: Snart skaper Gud
en sommer uten make
og gir oss alt tilbake!*

Informasjonsmøte og innskriving av konfirmantar

Tysdag 6. juni hadde me informasjonsmøte og innskriving av neste års konfirmantar. Ein fin gjeng kom til kyrkja denne ettermiddagen og fekk høyre om kva konfirmantåret inneheld. Det er både samlingar i kyrkja og gudstenester, festival, tur og utedag.

Randi Lønning Matre

Her er nokre sitat frå tidlegare konfirmantar:

- det har vore kjekt på vera med venner og å lære meir om Gud
- det er sosialt
- det er god mat

Kan du tenke deg å vera konfirmant i kyrkja, er det ikkje for seint å melde seg på. Fristen gjekk ut 14. juni, men påmeldinga er open. Du kan gå inn på kyrkja.no/fitjar og klikke på knappen som heiter «PÅMELDING konfirmant 2023/2024» og fylle ut skjema.

Har du spørsmål, kan du ta kontakt med Randi L. Matre eller Olav J. Oma.

KONFIRMANT 2024



Frå konfirmantsamling i Breiavikjo

Foto: Rolf-Atle Rolfsnes

Om frivillige oppgaver knytt til gudstenestene våre

Olav J. Oma

Kyrkjetenar

Kyrkjetenaren syt føre at klokkene ringjer, at kyrkjerommet er klart til bruk, og at lyden fungerer slik den skal. Etter gudstenesta er vedkomande med og ryddar opp slik at rommet er klart til bruk på nytt.

Klokkar

Klokkaren (ringjer ikkje i klokkene) les tekstane, tenner lysa, assisterer presten ved dåp og nattverd, er med og tel opp pengane som vert gjevne kontant i kyrkja, det meste kjem på Vipps, og gjer rommet klart til bruk.

Kyrkjevert

Kyrkjeverten helsar på alle som kjem, ønskjer dei ein god søndag, gir dei ei salmebok, eit program, og er med og ser at folk har det bra. Kyrkjeverten hjelper òg til litt etterpå og ryddar og gjer rommet klart.

Kyrkjekaffikokar

Dei ser til at kaffien, teen, safta er klar etter gudstenesta. Ofte har dei med seg kaffi/te, mens koppar og kjeks finn ein i kyrkja. Når gudstenesta er over, set dei fram bordet, så alle som er til stades, kan få ein kopp å halda i, og noko å bita i. Dette er viktig for det sosiale kring gudstenestene.

Nattverdvaske

Når det er nattverd, er det nokre som stiller i sakristiet og sørgjer for at begera me drikk av, blir vaska og kjem reine inn att.

Blomeansvarleg

Det er òg nokon som kvar einaste søndag ser til at det er blommar på altaret.

Alle desse tenestene/oppgåvene er umåteleg viktige for gudstenestene og fellesskapet vårt. Faktum er at vi treng fleire.

Fitjar kyrkjelyd er ein aktiv kyrkjelyd, med god deltaking på gudstenestene. Har du lyst til å vera med på noko av dette, ta kontakt med kyrkjekontoret, tilsette eller frivillige. Hjelp oss så vi kan sjå menneska rundt oss.


Og til alle dykk som er med: Tusen, tusen takk for tenesta du gjer!

Fitjar kyrkjelyd; «Nær menneske, nær Kristus».



TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2023!!

«Med Jesus i båten»



Babysongkurs:

Samling på Fitjar bedehus annankvar tysdag kl.10:30–12:00.
Babyar (0-12 månader) saman med ein vaksen. Songstund, og nistelunsj saman etterpå.
Datoar: 5/9, 19/9, 3/10, 17/10, 31/10, 14/11, 28/11 og 12/12

Småbarnssong:

Samling ein onsdag i månaden kl. 17:30–18:30. 2-4 åringar saman med ein vaksen. Songstund, bibelforteljing og nistekvelds.
Datoar: 6/9, 4/10, 1/11 og 29/11



4-årsbok:

Undretur laurdag og familiegudsteneste søndag med utdeling av 4-årsbok. 4-åringar saman med ein vaksen.
Datoar: 30/9 og 1/10



Den gode gjetar:

Samling onsdag ettermiddag kl. 17.00. 5-åring saman med ein vaksen. Song og bibelforteljing, aktivitet, bollar og saft.
Dato: 30/8, familiegudsteneste 3/9

Lys Vaken:

Overnatting i kyrkja for 11-åringar.
Dato: 18/11 og 19/11



Konfirmantar:

Samling i kyrkja annankvar veke fordelt i gruppe tysdag og onsdag kl. 14:15 – 15:45:
T: 29/8, 12/9, 26/9, 24/10, 7/11, 21/11, 5/12
O: 29/8, 13/9, 27/9, 25/10, 8/11, 22/11, 6/12

KONFIRMAN*
2024

KRIK:

Ein landsomfattande organisasjon som ynskjer å skape idrettsglede, trusglede og livsglede. Samlast i FKIB fredagar kl. 19:30–20:30



Ten-treff:

Eit rusfritt tilbod på fredagskveldar for ungdom frå 8. klasse. Samling på fredagar kl. 21:00–23:00 – bli med i Facebook-gruppa «Fredagskveld på Fitjar», der kjem datoane fortløpande. Me føl i stor grad skuleruta

Vidare:

Samling for ungdom etter konfirmasjonen ein tysdag i månaden kl. 19:30–21:00
Datoar: 26/9, 24/10, 21/11, 12/12

vidare!

Alt vi har kjær

– Ine Hoem og Edvard Hoem på turné saman

Far og dotter Hoem har opplevd stor suksess på kvar sitt felt. Edvard Hoem har gleda lesarar over heile Noreg gjennom flere generasjonar, blant anna med romanane om forfedrane hans som utvandra til Amerika, og Ine Hoem har gjort stor suksess med si smakfulle vise-pop med songar som «Jeg vil aldri hjem» og «Vi trenger ikke hage vi».

Det musikalske samarbeidet mellom far og dotter Hoem, tok til for meir enn femten år sidan, men ble fyrst offentleg kjent med den vakre gjendiktninga og versjonen av «Å, signa natt», hausten 2020, som blant anna ble framført på NRK Lindmo i desember 2020.

Hausten 2021 la Ine Hoem og Edvard Hoem ut på sin første turné saman i forbindelse med releasen av albumet «Alt vi har kjær» som ble slept 27.august til strålande mottaking over heile Noreg. Albumet mottok strålande kritikkar:

«Karrieretopp»

Audun Vinger/ Dagens Næringsliv

«Det kanskje viktigste kompliment jeg kan gi far og datter Hoem her, er likevel at de visker ut grenser mellom kjønn og menneskelig alder og bakgrunn, mellom før og nå, mellom lyrikk og musikk»

Olav Solvang/ Vårt Land

«Trøst i koronaens tid – Ine Hoem blir bare bedre og bedre»

Erik Valebrokk om singelen 6/6

Albumet «Alt vi har kjær» er Ine Hoems melodiar og nyskrevne tekstar av Edvard Hoem. Ein finn også salmar som «Den Fattige Gud» av Henning Sommerro og «No stig vår song» av Håkon Berge.

Dette blir ei konsertoppleving av dei sjeldne, der Ine syng farens tekstar på meisterleg vis, medan Edvard Hoem les frå sin siste roman «Felemakaren» og dei andre utvandrarromanane sine. Ine syng også nokre av sine mest

kjente songar. Samspelet mellom far og dotter bør opplevast, der humor, alvor, musikk og tekst går opp i ei høgare eining.

Edvard Hoem: «Alt vi har kjær, er skriven i ei tid med uro og uvisse. Det slo meg at ein ikkje burde skrive om dét, men i staden om dei store og små samanhengar som rammar inn menneskelivet, og som er der, same kor kaotisk og usikker tida ser ut til å vera. Vi står mellom framtidshåp og fortida med sine minne, vi lever i årstidene og døgn-tidene, i kvardagen og i kosmos. Og alt dette skal inn i nokre få verselinjer, som også skal uttrykke livsfryd og glede over alt det fantastiske som livet trass alt har å by på».

Temakveldar hausten 2023



31.august

Edvard og Ine Hoem

Ine syng frå sitt siste album
Edvard les egne tekstar



28.september

Bodil Eldhuset

Konsert



26.oktober

Koret Ichtus frå Stord

«Salmer til alle tider»



30.november

Brageprisinnar Trygve Riiser Gundersen

«Haugianarane»

I samarbeid med produsent Markus Lillehaug Johnsen og nokre fantastiske improviserande musikarar, har Ine skapt eit unikt univers i møte mellom visepop, jazz og salmar, og Edvard sine tekstar.

Bu deg på sterke tekstar og vakre melodiar!

- Høyr albumet her: <https://bit.ly/35aFoQP>
- Turnévideo her: <https://bit.ly/3Dv5Kcr>
- Ine sin opptreden på Eides språksjov 8.jan 2022 her: <https://bit.ly/3H2BtDI>

Desse er med på konserten i Fitjar kyrkje 31. august

Edvard Hoem – forteljar
Ine Hoem – vokal
Markus Lillehaug Johnsen – gitar
Andreas Ulvo – piano
Jo Berger Myhre – bass
Pål Hausken – trommer



Temakveldgruppa

Dette biletet av gruppa vart teke rett etter den vakre temakvelden med ekteparet Øgaard. Desse kreative damene er: Eli Simonsen, Anne Britt Tornes, Benedicte Meyer og Kari Bjørndal. Kari kom inn i gruppa etter at Hildegunn Aadland gjekk bort, og ho vil garantert vera ein god ressurs i dette arbeidet. Varmt velkommen, Kari!

Herman Inge Aadland

Soknerådet og kyrkjelyden ser stort på arbeidet temakveldgruppa legg ned. Desse varierte og fine kveldane har gitt og gir oss mykje, og dei er på ein eigen måte med og opnar kyrkja for mange. Me ser me glede og spenning fram til nye kveldar, og me ynskjer gruppa lukke til på vegen vidare!

Så er det viktig at me kjenner vår «vitjingstid» og støttar opp om arbeidet. Somme kveldar er meir påkosta enn andre, og då trengst det at me trør til og viser interessa vår. For dette er verkeleg noko mange av oss vil ha.

Lukke til med eit nytt, spennande semester! Me gler oss.



Foto: Anne Hardeland



Temakveldgruppa: Anne Britt Tornes, Eli Simonsen, Kari Bjørndal og Benedicte Meyer

Foto: Torbjørn Hovland

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no

Hår loftet

OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90

Fiks frisyren hos oss!



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfonn
902 27 978

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Faglig tyngde og godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00

E-post:
post@engevik-tislevoll.no



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700

Ledig annonseplass

Ledig annonseplass

**Videoen
Kiosk**



Ledig annonseplass

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as



Slekters gang

Døyppte:

30.04.
Eskild Helland Thorland

07.05.
Linus Tverderøy Halsnes

Vigde:

20.05.
Ailin Vik og Mathias Bratli

Jordfeste:

Nils Arvin Tislavoll
f. 13.08.1962 – d. 10.03.2023

Kjell Nesbø
f. 25.10.1947 – d. 03.06.2023



Foto: Freepik



Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
18.06.	11:00	3. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
25.06.	11:00	4. s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Prostirådet
02.07.	11:00	5. s. i treeiningstida	Elisabeth V. Fauskanger	Kyrkjelydsarbeidet
09.07.	11:00	6. s. i treeiningstida	Elisabeth V. Fauskanger	Tro og medier
16.07.	11:00	Friluftsgudsteneste i Kråko	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
23.07.	11:00	8. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	IKO-Kirkelig pedagogisk senter
30.07.	11:00	9. s. i treeiningstida	Elisabeth V. Fauskanger	Kyrkjelydsarbeidet
06.08.	11:00	10. s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Norsk Lærarakademi
13.08.	11:00	11. s. i treeiningstida	Elisabeth V. Fauskanger	Kyrkjelydsarbeidet
20.08.	11:00	12. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet i Mali (NMS)
27.08.	11:00	13. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
03.09.	11:00	Generasjonsgudsteneste	Olav J. Oma	Søndagsskulane
10.09.	11:00	Generasjonsgudsteneste Årskog	Olav J. Oma	Kirkens bymisjon Stord